

Til Noregs Bank

14.01.2020

**Tilråding om å ekskludere Hangzhou Hikvision Digital Technology Co Ltd frå
Statens pensjonsfond utland**

Samandrag

Etikkrådet tilrår å ekskludere Hangzhou Hikvision Digital Technology Co Ltd frå Statens pensjonsfond utland på grunn av ein uakseptabel risiko for at selskapet medverkar til grove brot på menneskerettane.

Hikvision er eit globalt teknologiselskap frå Kina som leverer produkt og tenester innan overvakingsteknologi. Tilrådinga gjeld Hikvision si rolle i overvakinga av befolkninga i Xinjiang-regionen i Kina.

Innbyggjarane i Xinjiang, særleg den etniske minoriteten uigurane og andre muslimske minoritetar, vert utsette for omfattande overvaking. Overvakinga kan føre til vilkårleg internering i interneringsleirar. Dei innsette i desse leirane vert isolert frå familien og veit ikkje når dei får sleppe ut. Dei innsette vert også utsett for indoktrinering som har som føremål å få dei innsette til å forlate sin religion, og det har kome rapportar om psykisk og fysisk mishandling. Det er estimert at minst 800.000 personar frå muslimske minoritetsgrupper er internert i desse leirane.

I 2017 inngjekk Hikvision fem offentleg-private samarbeid med styresmaktene i Xinjiang til ein samla verdi av om lag 1,86 milliardar yuan. Prosjekta gjeld produksjon, installasjon, drift og vedlikehald av overvakingssystem. Selskapet bekrefta desse prosjekta i den første halvårsrapporten i 2019. Rådet finn at selskapet gjennom desse prosjekta mogleggjer krenkingar av menneskerettane.

Selskapet har ikkje gitt konkrete opplysningar om kva det gjer for å unngå å medverke til dei pågåande menneskerettsbrota i Xinjiang. Rådet legg vekt på at selskapet er forplikta til å drifte og vedlikehalde prosjekta i ein periode på 11 til 21 år, og finn at det er ein uakseptabel risiko for at selskapet vil medverke til menneskerettsbrot også i framtida.

Innhald

1	Innleiing	1
	1.1 Kva rådet har teke stilling til	1
	1.2 Normgrunnlaget	2
	1.3 Kjelder	2
2	Bakgrunn	3
3	Etikkrådet sine undersøkingar	4
4	Informasjon frå selskapet	5
5	Etikkrådet si vurdering	6
6	Tilråding	7

1 Innleiing

Etikkrådet for Statens pensjonsfond utland (SPU) har vurdert fondet si investering i selskapet Hangzhou Hikvision Digital Technology Co Ltd (Hikvision)¹ opp mot menneskerettskriteriet i retningslinjene for observasjon og utelukkning frå SPU (dei etiske retningslinjene).²

Tilrådinga gjeld Hikvision si rolle i overvaking av befolkninga i Xinjiang-regionen i Kina.

Hikvision er eit globalt teknologiselskap frå Kina. Selskapet leverer produkt og tenester innan videoovervaking, samt spesialtilpassa løysingar som kan inkludere forskning, design, utvikling, testing, teknisk stønad og vedlikehald.³ Det statseigde kinesiske selskapet China Electronics Technology Group Corporation (CETC) eig 41,6 prosent av aksjane i Hikvision.⁴

Ved utgangen av 2018 eigde SPU aksjar i Hikvision til ein marknadsverdi på 954 millionar kroner, tilsvarande ein eigardel på 0,32 prosent. Hikvision er notert på Shenzhen-børsen.

1.1 Kva rådet har teke stilling til

Etikkrådet har vurdert fondet si investering i Hikvision opp mot dei etiske retningslinjene § 3 bokstav a: «Observasjon eller utelukkelse kan besluttes for selskaper der det er en uakseptabel risiko for at selskapet medvirker til eller selv er ansvarlig for (...) grove eller systematiske krenkelser av menneskerettighetene.»

I vurderinga av om selskapet har medverka til grove eller systematiske krenkingar av menneskerettane nyttar rådet internasjonalt anerkjende konvensjonar og autoritative tolkingar av desse. Denne tilrådinga byggjer i hovudsak på FN sin konvensjon om sivile og politiske rettar og FN sin konvensjon mot rasediskriminering. Rådet legg også vekt på FN sine rettleiande prinsipp for næringsliv og menneskerettar.⁵

Etikkrådet har vurdert normbrota sitt alvor, selskapet si tilknytning og risikoen for framtidige normbrot. I vurderinga av alvorret i normbrota, legg rådet vekt på konsekvensane og omfanget av krenkingane og i kva grad det er mogeleg å avbøte konsekvensane. Rådet legg også vekt på om normbrota rammar særleg sårbare grupper.

Sjølv om det er statar og ikkje selskap som er forplikta etter internasjonale menneskerettskonvensjonar, kan selskap medverke til menneskerettskrenkingar. Etikkrådet tek ikkje stilling til om statar har ansvar for eventuelle menneskerettsbrot. Det er tilstrekkeleg å konstatere at det aktuelle selskapet opptre på en slik måte at det vil innebere medverknad til grove eller systematiske krenkingar av internasjonalt anerkjende menneskerettar.

¹ Issuer ID: 17478485

² *Retningslinjer for observasjon og utelukkelse av selskaper fra Statens pensjonsfond utland*, vedteke av Finansdepartementet 18. desember 2014 <https://lovdata.no/dokument/INS/forskrift/2014-12-18-1793?q=retningslinjer+++pensjonsfond+++utland>.

³ Hikvision, *Company Profile* <https://www.hikvision.com/europe/Corporate/Company-Profile>

⁴ Hikvision, *Annual Report for 2018*

<https://www.hikvision.com/content/dam/hikvision/en/brochures/hikvision-financial-report/Hikvision%202018%20Annual%20Report.pdf>

⁵ FN sin høgkommissær for menneskerettar, FN sine rettleiande prinsipp for næringsliv og menneskerettar, 2011 https://www.ohchr.org/documents/publications/GuidingprinciplesBusinesshr_eN.pdf

For å slå fast at eit selskap medverkar til krenking av menneskerettane, må det vere ein samanheng mellom selskapet si verksemd og dei aktuelle normbrota, og selskapet må anten ha medverka aktivt til brotet eller kjent til normbrota utan å gjere noko for å hindre dei.

Normbrota må vere pågåande, eller det må være ein uakseptabel risiko for at krenkingar kan skje i framtida. I vurderinga av risikoen for nye krenkingar kan tidlegare normbrot gi ein indikasjon på framtidige handlingsmønster. Rådet legg vekt på kva selskapet gjer for å hindre normbrot. I dette høvet vil rådet vurdere selskapet sine overordna retningslinjer for menneskerettsarbeidet (*policy*), med særleg vekt på korleis denne vert implementert i praksis, for eksempel gjennom aktsemdsvurderingar (*due diligence*), styringssystem og rettleiing på operasjonelt nivå.

1.2 Normgrunnlaget

I vurderinga av Hikvision si verksemd i Xinjiang, har Etikkrådet fokusert på retten til fridom og tryggleik, retten til privatliv og religionsfridom. Rådet har også vurdert diskriminering på bakgrunn av etnisitet og religion.

Retten til privatliv følgjer av FN sin konvensjon om sivile og politiske rettar (SP) artikkel 17. Ifølgje FN sin høgkommissær for menneskerettar har retten til privatliv stor betydning for realiseringa av eit breitt spekter av menneskerettar, inkludert rørslefridom, ytringsfridom og tanke-, samvits- og religionsfridom.⁶ Høgkommissæren understrekar at innskrenkingar i retten til privatliv kan ha ein særleg negativ verknad på utsette grupper, og forsterke ulikheit og diskriminering.

Retten til religionsfridom følger av FN sin konvensjon om sivile og politiske rettar artikkel 18. Retten omfattar moglegheita til å vedkjenne seg ein religion etter eige val og fridom til å utøve sin religion i offentlegheita. Ingen skal utsettast for tvang som kan innskrenke denne fridommen.

Retten til fridom og tryggleik følgjer av SP artikkel 9 og omfattar retten til ikkje å verte utsett for vilkårleg arrest eller anna vilkårleg fridomsrøving. I menneskerettskomiteen sin generelle kommentar nr. 35 om artikkel 9, står det: «*Arrest or detention as punishment for the legitimate exercise of the rights as guaranteed by the Covenant is arbitrary, including freedom of opinion and expression (art. 19), freedom of assembly (art. 21), freedom of association (art. 22), freedom of religion (art. 18) and the right to privacy (art. 17).*»⁷

Det følger av SP artikkel 2 at konvensjonen skal respekterast utan skilnadshandsaming av noko slag, til dømes på grunnlag av rase eller religion. Av artikkel 1 av FN sin konvensjon mot rasediskriminering (CERD) følgjer det vidare at alle avgrensingar basert på etnisk opphav som har som føremål eller verknad å svekke utøving av menneskerettane, er å sjå som rasediskriminering.

1.3 Kjelder

I denne saka har Etikkrådet brukt offentleg tilgjengelege kjelder, inkludert frå media, statlege organ og FN-organ, informasjon om offentlege innkjøp og undersøkingar utført av selskapet

⁶ Årsrapport frå FN's Høgkommissær for menneskerettar, *The right to privacy in the digital age*, 2018 <https://undocs.org/A/HRC/39/29>

⁷ Menneskerettskomiteen, *General Comment nr. 35, Article 9 Liberty and security of person*, 2014 <https://undocs.org/CCPR/C/GC/35>

IP Video Market Info Inc (IPVM). IPVM følger utviklinga i videoovervakingsmarknaden og har gjennomført ei omfattande kartlegging av Hikvision si verksemd i Xinjiang.

Etikkrådet har også fått tilgang til anbudsdokument om overvakingsprosjekt i Xinjiang som ikkje lenger er offentleg tilgjengelege.

2 Bakgrunn

Xinjiang er ein autonom region nordvest i Kina med ei befolkning på om lag 23 millionar menneske. Kring 40 prosent av innbyggjarane er han-kinesarar, og om lag halvparten er uigurar. Uigurane er ein muslimsk minoritet med historiske røter i Sentral- og Aust-Asia. Det har lenge vore usemje mellom myndighetene og uigur-befolkninga, og styresmaktene i Beijing har dei siste åra trappa opp tryggingstiltak i Xinjiang.⁸ Desse tiltaka inneber masseovervaking retta mot uigurane og andre muslimske minoritetar i regionen.⁹ Overvakinga skjer ved omfattande bruk av kamera og sikkerheitskontrollar, mellom anna ved inngangen til kjøpesenter, togstasjonar og hotell.¹⁰ Informasjonen som vert samla inn gjennom overvakinga, vert mellom anna brukt til å identifisere personar som skal sendst i interneringsleirar, samt til å halde dei under oppsikt når dei slepp ut.¹¹

Parallelt med utvidinga av overvakinga har styresmaktene i Kina etablert eit nettverk av interneringsleirar i Xinjiang og internert minst 800.000 personar frå muslimske minoritetsgrupper i regionen.¹² Offentlege tenestemenn har beskrive leirane som opplæringscenter som har som føremål å førebyggje terrorisme, separatisme og ekstremisme.¹³ Dei innsette er imidlertid ikkje i leirane frivillig, og det er rapportert om politisk indoktrinering og psykisk og fysisk mishandling.¹⁴

I løpet av det siste året har masseovervakinga og interneringsleirane fått omfattande pressdekning¹⁵ og er blitt sterkt kritisert av internasjonale menneskerettsorganisasjonar.¹⁶ FNs rasediskriminerings-komité offentliggjorde i september 2018 ein rapport der den gav

⁸ Landinfo, Omskoleringsleirane i Xinjiang, 2019 <https://landinfo.no/wp-content/uploads/2019/06/Kina-temanotat-Omskoleringsleirane-i-Xinjiang-16052019.pdf>.

⁹ New York Times, How China Uses High-Tech Surveillance to Subdue Minorities, 22. mai 2019 <https://www.nytimes.com/2019/05/22/world/asia/china-surveillance-xinjiang.html?auth=login-google&login=google>.

¹⁰ Landinfo, 2019.

¹¹ New York Times, 2019.

¹² BBC, *China's hidden camps*, 24. oktober 2018 https://www.bbc.co.uk/news/resources/ids-sh/China_hidden_camps og The Guardian, *China 'holding at least 120,000 Uighurs in re-education camps'*, 25. januar 2018 <https://www.theguardian.com/world/2018/jan/25/at-least-120000-muslim-ughurs-held-in-chinese-re-education-camps-report>

¹³ Landinfo, 2019.

¹⁴ Landinfo, 2019.

¹⁵ Sjø til dømes New York Times <https://www.nytimes.com/search?query=xinjiang> og The Guardian <https://www.theguardian.com/world/xinjiang>.

¹⁶ Sjø til dømes Amnesty International, <https://www.amnesty.org/en/latest/news/2018/09/china-xinjiang-families-of-up-to-one-million-detained-demand-answers/> og Human Rights Watch <https://www.hrw.org/report/2018/09/09/eradicating-ideological-viruses/chinas-campaign-repression-against-xinjiangs>.

uttrykk for alvorleg bekymring for at uigurar og andre muslimske minoritetar skal ha blitt internert i lange periodar utan lov og dom.¹⁷

I eit brev til leiaren for FN's Menneskerettsråd uttrykte 22 medlemsland i juli 2019 bekymring over «*credible reports of arbitrary detention*» i Xinjiang og «*widespread surveillance and restrictions*» retta mot uigurane og andre minoritetar. Statane bad Kina om å «*refrain from the arbitrary detention and restrictions on freedom of movement of Uighurs, and other Muslim and minority communities in Xinjiang*».¹⁸

I oktober 2019 vart åtte selskap, inkludert Hikvision, sanksjonert av styresmaktene i USA for selskapet si rolle i overvakinga av uigurar og andre minoritetar i Xinjiang. Ifølge avgjerda frå *US Bureau of Industry and Security* er selskapa involvert i menneskerettsbrot, inkludert undertrykking, vilkårlige massearrestasjonar og overvaking av muslimske minoritetsgrupper.¹⁹

3 Etikkrådet sine undersøkingar

I 2017 vant Hikvision anbuds-konkurransar for fleire offentleg-private samarbeid (*public private partnerships*) med styresmaktene i Xinjiang til ein samla verdi av om lag 1,86 milliardar yuan.²⁰ Beløpet fordelte seg på fem ulike prosjekt som kvar for seg er verdt mellom 300 og 500 millionar yuan. Hikvision bekrefta desse prosjekta i den første halvårsrapporten i 2019.²¹

Prosjekta er:

- *Moyu Security Protection and Prevention Control System*
- *Yutian Safe City*
- *Pishan Security Protection and Prevention Control System*
- *Luopu Security Protection and Prevention Control System*
- *Urumqi High-tech Zone (New Urban Area) Safe City & Surveillance system for Social Comprehensive Management*

Fire av prosjekta, Moyu, Yutian, Pishan og Luopu, som alle ligg i Hotan-prefekturet, er inkludert i ei oversikt over offentleg-private samarbeid frå 2017.²² Oversikta omfattar prosjekta sine budsjett og den planlagde samarbeidsperioden, som varierer frå 11 til 21 år.

¹⁷ FN's rasediskrimineringskomité, konkluderande observasjonar, Kina, 19. september 2018 <https://undocs.org/en/CERD/C/CHN/CO/14-17>.

¹⁸ Brev av 8. juli 2019 frå Australia, Austerrike, Belgia, Canada, Danmark, Estland, Finland, Frankrike, Tyskland, Island, Irland, Japan, Latvia, Litauen, Luxemburg, Nederland, New Zealand, Noreg, Spania, Sverige, Sveits og Storbritannia til leiaren av Menneskerettsrådet, A/HRC/41/G/11, https://ap.ohchr.org/Documents/sdpage_e.aspx?b=10&se=204&t=2.

¹⁹ US Federal Register, *Addition of Certain Entities to the Entity List, A Rule by the Bureau of Industry and Security*, 10. september 2019 <https://www.federalregister.gov/documents/2019/10/09/2019-22210/addition-of-certain-entities-to-the-entity-list>.

²⁰ ITS114 (anbudsdokument på kinesisk), http://www.its114.com/html/siteidea/project/2018_01_91819.html.

²¹ Hikvision, første halvårsrapport 2019 <https://oversea-download.hikvision.com/uploadfile/Investment%20Relationship/Hikvision%202019%20Half%20Year%20Report.pdf>.

²² Lokale styresmakter i Hotan, situasjonsoversikt for Hotan PPP-prosjekt, 2017 (på kinesisk) <https://www.xjht.gov.cn/article/show.php?itemid=263214>.

Samarbeidsperioden omfattar både byggetid og drift og vedlikehald. Ved utløpet av perioden skal selskapet overføre prosjektverdiene til styresmaktene utan vederlag.

Etikkrådet har også fått tilgang til detaljert informasjon om Moyu-prosjektet, som omfattar eit nettverk av ca. 35.000 kamera for å overvake skular, gater og kontor. Prosjektet inkluderer også installasjon av kamera med ansiktsgjenkjenningssystem ved 967 moskear i området.²³ Moyu-prosjektet omfattar i tillegg videokonferanseutstyr til moskear. Det er rapportert at føremålet med videokonferanseutstyret er å overføre seremoniar frå eit statleg organ som har ansvar for relasjonar mellom sentrale styresmakter og dei etniske minoritetane i landet.²⁴

Anbodsdokument som gjeld Luopu-prosjektet, beskriv også at selskapet skal levere ulike produkt og tenester relatert til kommunikasjon, tryggleik og overvaking.²⁵ Prosjekta i Yutian og Pishan omfattar liknande krav, i tillegg til videoovervakings- og videokonferansesystem for moskear.²⁶

Pishan- og Moyu-prosjekta omfattar også delar av overvakingssystem for interneringsleirar.²⁷ Anbodsdokumentane inneheld referansar til overvakingssystem for *senter for transformasjon gjennom utdanning*, ei formulering som vert bruk for å beskrive interneringsleirane.²⁸

I tillegg til prosjekta i Hotan, vant Hikvision anbodskonkurransen for eit stort prosjekt i Xinjiang sin regionale hovudstad Urumqi, kalla *Urumqi High-tech Zone*. På selskapet si nettside opplyser Hikvision at det skal levere 30.000 kamera til gatene i byen.²⁹ Ifølgje anbudsdokumentane omfattar prosjektet også *knutepunkt for videoanalyse, intelligente kontrollsystem, stordatasentre, politikontrollposter og dronar*.³⁰ Kontrakten sin verdi er på om lag 500 million yuan. Hikvision skal ha ansvar for drift og vedlikehald i ein periode på ti år.

4 Informasjon frå selskapet

I september 2019 sendte Etikkrådet eit brev til Hikvision med ei rekkje spørsmål om selskapet si verksemd i Xinjiang. Selskapet svara ikkje på dei konkrete spørsmåla frå rådet, men

²³ Informasjonen er ikkje offentleg tilgjengeleg, men er delvis referert i AFP, *Chinese firms cash in on Xinjiang's growing police state*, 28. juli 2018 <https://www.afp.com/en/chinese-firms-cash-xinjiangs-growing-police-state> og IPVM, *Hikvision Wins Chinese Government Forced Facial Recognition Project Across 967 Mosques*, 16. juli 2018 <https://ipvm.com/reports/hik-mosques>

²⁴ IPVM, 16. juli 2018 <https://ipvm.com/reports/hik-mosques>

²⁵ Chinapp.com (anbudsdokument på kinesisk), *Luopu Security Protection and Prevention Control System*, ikkje lenger tilgjengeleg på denne nettsida.

²⁶ Bidchance.com (anbudsdokument på kinesisk), *Yutian Safe City* <http://www.bidchance.com/info.do?channel=calgg&id=22860984> og *Pishan Security Protection and Prevention Control System* <https://perma.cc/FB7D-8URQ> (permanent lenke)

²⁷ IPVM, *Evidence Of Hikvision's Involvement With Xinjiang IJOP And Re-Education Camps*, 2. oktober 2018 <https://ipvm.com/reports/hikvision-xinjiang> og AFP, *Chinese firms cash in on Xinjiang's growing police state*, 28. juli 2018 <https://www.afp.com/en/chinese-firms-cash-xinjiangs-growing-police-state>.

²⁸ Bidchance.com (anbudsdokument på kinesisk), *Pishan Security Protection and Prevention Control System* <https://perma.cc/FB7D-8URQ> (permanent lenke). Denne informasjonen om Moyu-prosjektet er ikkje lenger offentleg tilgjengeleg.

²⁹ Hikvision, <http://www.cctvhkws.com/xwdt/dljd/295.html> og http://www1.hikvision.com/cn/news_detail_63_i2394.html.

³⁰ UHZD.gov, *Urumqi High-tech Zone (New Urban Area) Safe City & Surveillance system for Social Comprehensive Management* <http://www.uhdz.gov.cn/info/1011/17591.htm>.

forklarte at selskapet hadde hyra ein amerikansk menneskerettsadvokat for å gjere ei uavhengig gransking av selskapet sine retningslinjer og prosedyrar for *compliance*, interne kontrollsystem, selskapsstruktur og dei fem prosjekta i Xinjiang.

Ifølgje Hikvision har granska ikkje funne nokon bevis for at selskapet har gått inn i prosjekta med intensjon om å bryte lova. Granska har også funne at selskapet ikkje med overlegg har spelt ei aktiv rolle i dei påståtte normbrota. Det blei imidlertid funne fleire manglar og svakheiter i selskapet sitt *compliance*-system og selskapsstruktur, og fleire forbetningsforslag er førelagt leiinga i selskapet. Selskapsleiinga har begynt å implementere desse råda.

Hikvision sin ESG-rapport for 2018 seier at selskapet respekterer menneskerettane slik dei følgjer av fleire FN-konvensjonar, mellom anna konvensjonen om sivile og politiske rettar.³¹ I ein investorsamtale i mai 2019 forklarte selskapet at ulike land og regionar tolkar menneskerettane ulikt, og at selskapet «*need to obey laws and regulations in Eastern countries like China and respect their views on human rights.*»³²

Selskapet vart i november 2019 førelagt Etikkrådet sitt utkast til tilråding for kommentarar. I svaret frå Hikvision vert det framheva at sanksjonane frå USA er politisk motiverte. Selskapet skriv også at det er ei misoppfatning at Hikvision visste kva som skjedde i interneringsleirane. Selskapet er også kritiske til at tilrådinga bygger på informasjon frå utanlandske media («*outside news and media*»).

5 Etikkrådet si vurdering

Etikkrådet har vurdert om det er ein uakseptabel risiko for at Hikvision gjennom si verksemd i Xinjiang medverkar til grove eller systematiske krenkingar av menneskerettane.

Masseovervakinga i Xinjiang og konsekvensane for dei etniske minoritetane i regionen er veldokumenterte. På trass av det legitime føremålet om å motarbeide ekstremisme meiner rådet at overvakinga inneber alvorlege inngrep i retten til privatliv for mange menneske. Overvakinga er særskilt retta mot dei muslimske minoritetane i regionen og har derfor eit sterkt diskriminerande element. Etniske og religiøse minoritetar er sårbare grupper som allereie er særleg utsett for menneskerettskrenkingar.

Overvakinga gjer det mogeleg for styresmaktene å innhente informasjon om elles legitime religiøse aktivitetar, noko som gjer at dei muslimske minoritetane risikerer vilkårleg fridomsrøving i interneringsleirar. Dei innsette i desse leirane vert isolerte frå familiane sine og veit ikkje når dei får sleppe ut. Det er også rapportert om politisk indoktrinering, samt fysisk og psykisk vald.

Hikvision har bekrefta at dei deltek i fleire større prosjekt som inneber produksjon, installasjon og drift av overvakingssystem i samarbeid med styresmaktene i Xinjiang. Prosjekta inkluderer overvakingssystem i moskear og interneringsleirar. Etikkrådet legg til grunn at selskapet har hatt kunnskap om kva teknologien skal brukast til. Etter rådet sitt syn

³¹ Hikvision, *ESG Report*, 2018 <https://oversea-download.hikvision.com/uploadfile/Investment%20Relationship/ESG%20Report/Hikvision%202018%20ESG%20Report.pdf>.

³² IPVM, Hikvision: *In China, We Obey PRC Human Rights Law*, 28. mai 2019 <https://ipvm.com/reports/hikvision-human-rights>.

mogeleggjer selskapet grove krenkingar av menneskerettane gjennom si deltaking i desse prosjekta.

Hikvision har overfor rådet understreka at selskapet ikkje har gått inn i prosjekta med intensjon om å gjere urett. Rådet vil i dette høvet peike på at selskapet sin intensjon ikkje er avgjerande for rådet si vurdering av om selskapet har medverka til normbrot. Selskapet har vidare forklart at det er i gang med å foreta ei intern gransking, men har ikkje kome med konkrete opplysningar om kva det gjer for å unngå å medverke til eller avbøte normbrota.

I denne saka finn Etikkrådet at normbrota er pågåande. Rådet legg vekt på at selskapet er forplikta til å drifte og vedlikehalde prosjekta i ein periode på 11 til 21 år. Etikkrådet konkluderer etter dette med at det føreligg ein uakseptabel risiko for at selskapet medverkar til menneskerettsbrot.

6 Tilråding

Etikkrådet tilrår at Hangzhou Hikvision Digital Technology Co Ltd vert ekskludert frå Statens pensjonsfond utland på grunn av ein uakseptabel risiko for at selskapet medverkar til grove krenkingar av menneskerettane.

Johan H. Andresen	Hans Chr. Bugge	Cecilie Hellestveit	Trude Myklebust	Brit K. S. Rugland
Leiar				
(sign.)	(sign.)	(sign.)	(sign.)	(sign.)